

Sjukehusapoteka Vest HF

Dykkar ref:	Vår ref:	Sakshandsamar:	Dato:
	2016/3403 - 22710/2016	Kristin Osland Lexow 51963800	09.12.2016

Felles risikostyringsmål for 2017

Styret i Helse Vest RHF vedtok i styremøte den 7. desember 2016 følgjande felles mål med delmål for risikostyring i 2017 (styresak 132/16):

Felles risikostyringsmål for 2017		
Styringsmål	Delmål	
1	Talet på skadar som kan unngåast i helsetenesta i Helse Vest skal halverast innan 2018.	1. Program for pasienttryggleik i Helse Vest 2013-2018 er godt forankra i linja og i resten av organisasjonen.
		2. Tiltak i programmet blir innarbeida i linja så snart dei blir overleverte frå prosjekt.
2	Uønskt variasjon og ventetider for diagnostikk og klinisk praksis skal reduserast.	1. Faglege retningslinjer og standardiserte pasientforløp er implementert (ref. m.a. pakkeforløp kreft).
		2. Arbeid om variasjon i mellom anna ventetid og kvalitet, der målet er å lære av dei einingane som gjer det best i landet, er starta opp.
		3. Tiltak i programmet «Alle møter» er implementert, inkludert god planlegging og utnytting av operasjonsstovene.
3	HMS er ein sjølvsgagt del av arbeidsdagen.	1. HMS-strategi for føretaksgruppa Helse Vest er forankra og kjend for alle leiarar og medarbeidarar, og tiltak for å førebygge vald og truslar mot tilsette er sett i verk.

		2. Det blir lagt til rette for og utvikla ein god meldekultur der meldesystem for tilsetteskadar og uønska hendingar, vald og truslar mot tilsette er kjent for alle leiarar og medarbeidarar.
		3. Talet på tilsetteskadar er redusert.
4	Det er høgare vekst i kvart einskild føretak innanfor psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling enn for somatikk.	1. Det skal vere høgare kostnadsvekst i psykisk helsevern enn i somatikk.
		2. Det skal vere høgare vekst i årsverk i psykisk helsevern enn i somatikk.

Kommentarar

Styringsmål 1 er ei vidareføring frå 2015/2016 då dette er ei langsiktig strategi som framleis har høg prioritet.

Styringsmål 2 er basert på krav og føringar gitt gjennom oppdragsdokument og ei vidareføring frå 2016, men supplert med ein tilføyning om uønskt variasjon.

Styringsmål 3 er og ei vidareføring frå 2016, og definert med basis i styret i Helse Vest sitt ønskje om eit felles mål knytt til tryggleik for tilsette (protokoll frå styremøte 4. februar 2015, sak 009/15).

Styringsmål 4 tek utgangspunkt i at målet om «den gylne regel» samla sett ikkje fullt ut er innfridd, verken på føretaksnivå eller i regionen. Målet blir difor følgt opp vidare i 2017, der rusbehandling og psykisk helsevern kvar for seg skal ha ein årleg vekst som er høgare enn vanleg sjukehusbehandling.

Når det gjeld Helse Vest IKT AS og Sjukehusapoteka Vest HF blei det ikkje vedteke mål, men styret har bedt om at felles risikostyringsmål 3 «*HMS er ein sjølvsgt del av arbeidsdagen*» skal vere eit av styringsmåla deira for 2017. Helse Vest RHF ber om det HV IKT og SAV sjølv definerer verksemdspesifikke delmål til dette styringsmålet.

Rapportering

Helseføretaka skal rapportere risikovurderingane sine til styra tertialvis i samsvar med retningslinjene for risikostyring i Helse Vest, og ved årsslutt skal det gjerast greie for arbeidet med risikostyring gjennom året i Årleg melding til Helse Vest RHF.

Vennleg helsing

Ivar Eriksen
eigardirektør

Kristin Osland Lexow
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

All elektronisk post til Helse Vest skal sendes til postmottak: post@helse-vest.no

Vedlegg

Kopi til: